



Håkon Vidar Sylta
Hetlevikåsen 317
5173 LODDEFJORD

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/51 - 18/10091

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
22.06.2018

Byggesak gbnr 20/20 Utsylta - bruksendring og fasadeendring - melding om vedtak

Saka vart handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 14.06.18, der følgjande vedtak vart fatta:

Det vert ikkje gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF for tilbygg til driftsbygning, bruksendring av driftsbygning og fasadeendring, eller frå byggeforbod i strandsone for tilbygg til driftsbygning og bruksendring av driftsbygning som omsøkt i alternativ 1 og 2.

Det vert gjeve dispensasjon frå byggeforbod i strandsone for bruksendring og frå arealføremål LNF for bruksendring og fasadeendring i samsvar med alternativ 3 levert 14.06.18 på følgjande vilkår:

1. *Eigedomen (våningshuset) skal ha avlaupsanlegg som stettar dagens krav.*

Grunngjeving for vedtaket:

I vektinga av fordelar og ulemper har utvalet lagt avgjerande vekt på at det ikkje er drift på bruket og at det er ønskeleg at eksisterande bygningar vert halde ved like og brukte, i staden for å stå til nedfalls. Det er ikkje søkt om bruksendring av første høgda og bruket vil framleis ha naudsynt lagringsplass for maskinar og liknande for å ivareta jorda.

Søklar har etter råd frå utvalet levert eit alternativ 3 som etter utvalet si vurdering tek i vare omsynet til estetikk og den historiske verdien av tunet. Tiltaket skjer innafør eksisterande bygningskropp, men med eit takoppløft for å få naudsynt innvendig høgde. Terrasser er teke bort, og erstatta av ei ekstra gangbru.

Bruksendringa legg til rette for auka bruk. Eigedomen har tørrklosett og gråvatn til terreng. Når det vert auka bruk på eigedomen aukar også utsleppet, og utvalet finn det naudsynt å setja krav om at eigedomen får eit utslepp som stettar dei reinsekrav som gjeld i dag.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 11-6 og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Byggesak gbnr 20/20 Utsylta - bruksendring, fasadeendring og tilbygg til driftsbygning - dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone

Byggesak Gbnr 20/20 Utsylta - Bruksendring, fasadeendring og tilbygg til driftsbygning - merknad til nabovarsel

Byggesak Gbnr 20/20 Utsylta - Bruksendring, fasadeendring og tilbygg til driftsbygning - Vurdering av nabomerknad

Situasjonskart, teikningar og bilete

Søknad om dispensasjon

Byggesak gbnr 20/20 Sylta - bruksendring, fasadeendring og tilbygg til driftsbygning - alternativ 3
GBNR_20_20_Hus_Situasjonsplan_Tegninger_Rev7

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland
Håkon Vidar Sylta
Magnar Sylta

Postboks 7310
Hetlevikåsen 317
Syltaneset 29

5020
5173
5937

BERGEN
LODDEFJORD
BØVÅGEN